



ROVVILTNEMNDA I REGION 1

Vest-Agder, Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane

Rovviltnemnda Region 1

Dykkar ref: Vår ref.: Arkivnr.: Dato:
2007/11201 433.52 24.09.2008

Protokoll frå møte i rovviltnemnda Region 1 - 03.09.08

Desse møtte frå rovviltnemnda: Norvall Nøringset, Oddny Omdal, Marit Barsnes Krogsæter og Odd Arild Kvaløy. Frå sekretariatet fylkesmannen i Rogaland møtte Birger Aasland, og frå fylkesmannen i Sogn og Fjordane møtte Bjørn Harald Haugsvær og Hermund Mjelstad. Møtet blei arrangert på Quality hotel Sogndal.

Før ordinært møte i nemnda møtte nemnda Kontaktutvalet for rovviltsaker. Utvalet orienterte om status for rovviltproblematikken i Indre Sogn, særleg om jervskade i år. I Offerdalen har det vore stort tap av lam. Kontaktutvalet peika særleg på at kvota for lisensfellinga måtte vere høg nok (8 dyr i Indre Sogn), og at bestandsregistreringa i regi av SNO måtte bli betre. Mellom anna må saueeigarane få høve til å ta del i registreringa. Utvalet saknar initiativ frå nemnda.

Rovviltnemnda sin plass på fylkesmannen i Rogaland sine heimesider blei og diskutert. Det bør ryddast opp redaksjonelt her, og ein må sikre at relevant informasjon blir lagt ut her.

Fleire tema blei tatt opp, mellom anna revisjon av forvaltingsplanen for regionen.

På ordinært møte blei desse sakene tatt opp:

09/08: Oppsummering av beitesesongen 2008. Skadesituasjon og gjennomføring av konfliktdempande og førebyggjande tiltak fram til no.

10/08: Vedtak: Fastsetting av kvote, fellingsområde og andre vilkår for lisensfelling av jerv for perioden 08/09.

11/08: Gjennomgong av forslag til revidert forvaltingsplan før utsending til høyring.

12/08: Sakar til orientering - ymse

Sak 09/08:

Hermund Mjelstad orienterte frå Sogn og Fjordane, mellom anna opplisting av førekomstar av og skade knytt til dei ulike rovviltartane. Når det gjeld FKT, er ein del midlar kanalisert til ekstraordinært tilsyn. Det er og gitt tilskot til gjetar/voktarhund.

Postadresse:
Rovviltnemnda i region 1
c/o Fylkesmannen i Rogaland
Miljøvernavingdelinga
postboks 59
4001 Stavanger

Leiar for rovviltnemnda:
Norvall Nøringset
Telefon: 57826706/95038575/57721970
norvall.noringset@sf-f.kommune.no
<http://www.fylkesmannen.no/rogaland>

Sakshandsamar:
Anders T. Braa, viltforvaltar
Telefon: 51568914
anders.braa@fmro.no

Frå Vest-Agder og Hordaland er det få meldingar om rovviltproblem. I Rogaland er det bekrefta førekomst av jerv i Sauda og Suldal kommunar i vår, men det er ikkje meld om ekstraordinære tap enno. Til orientering er det dokumentert eit tap av eit tjuetals lam til jerv i Ryfylke, i grenseområda mot Vest-Agder kort tid etter møtet 3. september. Det kan sjå ut til at tapa kan vere mange gonger så stort.

Sak 10/08:

I korte trekk vedtok nemnda ei kvote på 7 jerv i eit avgrensa område i Indre Sogn/Hordaland, 1 jerv i Sauda/Suldal kommunar i Rogaland, og 1 dyr som kan nyttast i heile regionen. Nemnda sitt vedtak er sendt ut som eigen sak til organisasjonane og kan påklagast innan 3 veker etter forvaltningslova sine regler.

Sak 11/08:

Sekretariatet hadde sendt eit utkast til høyringsdokument for revidert forvaltningsplan til nemnda før møtet.

Etter ordveksling blei møtet samde om at planen skal sendast ut slik han er no. Nøringset nemnde forslag om ny lov om naudverge (viltlova §11), nye retningsliner frå MD om godtgjering av fellingslag og oppdaterte tal for skade (helst inkludert 2008) som må innarbeidast. Høyringsfrist settast til 1. desember i år.

Sak 12/08:

Orienteringssaker:

- brev frå Sogn og Fjordane Bondelag, dagsett 25.08.08.
- brev frå Mattilsynet, dagsett 26.08.08 om lisensfelling av jerv i Indre Sogn
- om bjørn i Gaular

Neste møte i nemnda: 21. januar 2009 i Stavanger. Ein tar sikte på å kunne starte møte allereie kl 8.00.

Med helsing

Norvall Nøringset
leiar for rovviltnemnda

Birger Aasland/Anders Braa
for sekretariatet

Rovviltnemnda adresseliste:

Joril Christensen	Sygnagaten 9, 5055 Bergen
Magnar Lussand	Lussand, 5736 Granvin
Marit Barsnes Krogsæter	Kleiva 83, 6900 Florø
Norvall Nøringset	Skora 6A, 6800 Førde
Jenny Følling	Solhøgda, 6977 Bygstad
Oddny Omdal	Balchensvei 35, 4656 Hamresanden
Jon Grindland	Grindland, 4646 Finsland
Odd Arild Kvaløy	Rogaland Fylkeskommune, postb. 130, 4001 Stavanger
Tone Ravnås	Ryfylkeveien 2510, 4120 Tau